

## Retts Hjelparar kan vere alternativ til dyr advokat

Å representere seg sjølv i ei rettssak, er ikkje einaste alternativ til ein dyr advokat. Det finst retts Hjelparar.

### ► sin eigen advokat

HANS K. MJELVA  
hans.mjelva@bt.no

- Vi har same utdanning som advokatar, har løyve frå tilsynsrådet, har den same ansvarsforsikringa og det same etiske regelverket. Men vi kostar i snitt halvparten av ein vanleg advokat, seier Marit Håkonsen.

Ho er retts Hjelpar, eit lite kjent alternativ til advokatar.

Kort fortalt opna politikarane på byrjinga av 1990-talet for at folk utan advokatløyve kunne

gje folk juridisk hjelp, under nemninga retts Hjelparar.

Håkonsen, som er utdanna bedriftsøkonom og lærar i tillegg til jurist, seier ho kan representere klientar i rettssalen. Men til forskjell frå ein advokat må ho få samtykke frå domstolen

- Men det får du vanlegvis, seier ho.

I mai vart Håkonsen ein av ti retts Hjelparar som grunnla Webjuristene, der alle jobbar heimafrå.

- Primært løyser vi problema på nettet, og det fungerer godt for dei fleste. Men er det folk i Bergensregionen om ønskjer det, kan eg gjerne møte dei, men det blir ofte dyrare, seier ho.